

Christiansen nådde måla sine**13.07.2006**

Jan Frank Christiansen (53), sjefen for AFA i Uskedalen, nådde sine mål under si sykkelferd gjennom landet. Torsdag ettermiddag kunne han melde at han sto på Kibergodden ei mil frå Vardø by. Dermed hadde han nådd det austlegaste punktet i landet, i tillegg til det sydligaste, nordlegaste og vestligste.

Hovudmålet til Christiansen var å sykle innom alle fylka våre og han har no utnevnt seg sjølv både til Norges første fylkessyklist og fylkessyklismens far.

Han kjem heimatt til Uskedalen tirsdag kveld etter å ha hatt nokre vel fortente avslapningsdagar på andre og mindre stressande transportmiddel. Det vil seie hurtigrute, tog og bil.